

Fjågesund Posten

Nr. 1 januar 2014

KOM DEG UT-DAGEN

Ski- og akedag på Fjågesundheia ved Knarrbu,
sondag 2. februar kl 11.00-15.00.

Ta med akebrett og-eller ski, mat, drikke, varme sko og klede. Høve til å gå ein lengre skitur for dei som vil det. Det vil bli tent bål og turistforeninga serverar pinnebrød og varm drikke.

Arr. Gautefall Turlag og Kviteseid Turlag



ÅRSMØTE

Fjågesund Idrettslag onsdag 12. februar
kl. 18.00 på grendehuset

- Årsmelding
- Rekneskap
- Val
- Saker må vere styret i hende seinast ei veke før årsmøtet.

FULLMÅNESKITUR

Laurdag 15. februar kl. 18.30

Vi møtast ved Knarrbu på Fjågesundheia og går til Knarrhuken, ca. 3 km. ein veg.
Med etterhald om fint og klart vær.

Arr. Fjågesund IL



OPPGRADERING AV GRENDEHUSET



Tørdal snikkerverksted vil i februar byrje arbeidet med å byte takplater innomhus på møterommet, gang og kjøkken, etter diverse vasslekasjar der. Kjøkkenet skal også utvidast med ca 60 cm. ut mot gangen for å gje meir arbeidsrom og plass. Det vil bli lagt nye golvbelegg i kjøkken, gang og kjellar. Trappa skal få stusstrinn for å hindre at sand og støv kjem ned i rommet under.

Mens arbeidet pågår må ein rekne med at bruken av huset blir redusert. Ta kontakt med Gunn for meir informasjon.

ÅRSMØTE

I Fjågesund grendehuslag onsdag 19. februar kl. 18.00. på grendehuset.

- Årsmelding
- Rekneskap
- Val
- Saker må vere styret i hende seinast ei veke før årsmøtet.

Her Kommer Vinteren

Er du av typen som aldri blir brun,
og som aldri heller prøver noe særlig på å bli det?

Er du ansett som en kjedelig kujon,
fordi du stort sett ikke girder å bade?

Har du problemer, med å omgås overdrevet positive folk?

Du økke alleine, vi er mange som har det sånn

Er du av typen som liker å sitte,
sitte inne å pimpe når sola skinner?

Er du av typen som er svak for sport,
men bare på skjermer og bare når vi vinner?

Da har du problemer i følge peanøtthjernehelgen forbundet

Men du økke alleine, vi er mange som har det sånn

Folkens jeg kommer med nyheter
jeg må be om absolutt stillhet
Ventetida er over
det kommer til å falle snø i natt

Her kommer vinteren
Her kommer den kalde fine tida
Her kommer vinteren
Endelig fred å få

Er du av typen som lar deg irritere,
av folk som alltid skal imponere?

Har du et kjøleskap,

har du en TV,

har du alt du trenger for å leve, for...

Her kommer vinteren
Her kommer den kalde fine tida
Her kommer vinteren
Endelig fred å få

SKIKARUSELL

For dei aller minste blir det laga ei lita sløyfe, mens dei andre går vanleg runde i ljosløypa. Det er valfritt om de vil ha tidsaking eller ikkje. Karusellen har ingen aldersgrense og alle som er med får premie. Møtestaden er i Evjo der ljosløypa går inntil fylkesvegen. Atterhald om vær, skiføre og temperatur under -15 °C.


Torsdag 20. februar kl. 18.00

Torsdag 27. februar kl. 18.00

Torsdag 6. mars kl. 18.00

Torsdag 13. mars kl. 18.00

Vi minner om kasse med bok, ca. halvvegs i løypa, der du kan skrive navnet ditt. Utdeling av alle premiar skjer på grendehuset 17-mai.



Idrettslaget melder ellers om at tomgodsinnsamlinga gav eit samla resultat på kr.1960,- og ynskjer å takke alle bidragsyterar. Dette kjem godt med i ei slunken kasse.

Etter medlemsverving i 2013, dobla medlemstalet seg frå 24 til 49. Vi ynskjer fleire nye og gamle medlemmar i året som kjem. Det er viktig for oss, når vi skal søkje kulturmidlar for å drifte ljosløypa b.l.a. Giro kjem snart i posten.

Takk til alle som vil vere medlem hjå oss :-)

HUGS SKIKARUSELL!

Torsdag 6. mars kl 18.00

GUDSTENESTE

På Fjågesund grendehus

Sondag 9 mars kl 11.00

- Halvard Jørgensen spelar gitar og syng.
- Enkel servering
- Årsmøte i Fjågesund og Kilen sokneråd

Frå 1.1. 2014 er alle kyrkjene i kommunen, bortsett frå hovedkyrkja i Kviteseid, vinterstengd p.g.a økonomisk innsparing. Dette gjeld bl.a oppvarming, løn og køyregodtgjersle til kyrjetenerane. Kyrkja blir nytta som vanleg til påskemesse og ellers ved behov.

ÅRSMØTE

Kviteseid Skogeigarlag

Tysdag 11. mars kl. 19.00 på Fjågesund
grendehus.

- Enkel servering

HUGS SKIKARUSELL!

Torsdag 13. mars kl 18.00

SKITUR

Knarrhuken/Knarren Rundt

Sondag 16. mars

Felles bålfyring på Knarrhuken kl 13.00.

Du kan velge kva veg du vil gå, 3 km eller 9 km og når tid du vil starte. Vær etterhald.

Arr. Fjågesund IL.

SOMMARTID!

Hugs å still klokka fram ein time sondag 30.

mars.



Sjå også heimesida til Fjågesund på:

fjaagesund.no

Fjågesund IL er på Facebook